

Referat frå FAU-møte:



Tid: kl.17.00-19.30

Dato: 27.01.2026

Stad: Skogsvåg skule

Oppmøte: Rektor, Ingrid Hestad 1.trinn: 2.trinn: Martin Schei Hufthammar og Solvor Vik Mykletun 3.trinn: Witze Mink 4.trinn: Kristine Andersen Midland 5.trinn: Even Linge 6.trinn: Ketil Faugstad og Susanne Solsvik 7.trinn: Tetyana Hagen og Silje D. Hesvik SFO: Monika Schutt-Mathiesen	Fråvær: 1.trinn: Lihnn Isabelle Christoffersen og Silje Røys Skråmestø 3.trinn: Kristin Høgøy 4.trinn: Siw-Anita Kvamme 5.trinn: Kristine Rørvik
--	---

SAK 1. Frå skule ved rektor:

- **Økonomi:** meirforbruk budsjettåret 2025 på 1,1millionar. Fekk tilført 500 000,- frå oppvekst grunna tiltak meir ressurs grunna gamlebygg. Oppstart 2026 = nytt budsjettår. Alle rektorar får verksemdsbrev med oppdrag frå kommunaldirektør og oppvekstsjef. Tydeleg bodskap om at ein skal halde busjett og det er ikkje ok å rapportere meirforbruk. I januar månad ser ein at ein er innafor budsjett. Sjukefråvær på Skogsvåg skule har vore lågt over tid, året 2025 landa på 6,3% inkl. lang/korttid.
- **Utviklingsplan:** Skogsvåg skule er med i DEKOMP, val av tema er TRYGG. Jobbar med to utviklingsprosjekt parallelt, dysleksivenleg skule og TRYGG.
- **Aktuelt frå skule:**
 - Leselystprosjekt med kick-off måndag 26.01. Oppmodar alle til å lese mykje heime.
 - Vinnar av teiknekonkurranse i kommunen var elev på 7.trinn.
 - Snill er kult – prosjekt frå Sartor Bowling. Elevråd skal på kick-off i mars. Prosjekt for heile mellomtrinnet, kjem meir informasjon.
 - Skogsvåg skule fekk 2.plass i arbeidsmiljøprisen før jul, ein gjev karing.
 - Skogsvåg skule vidare i 12.rette på Sartor. Kjekt om fleire kjem for å heie.
 - Elevundersøking og nasjonale prøvar er gjennomført, resultat er offentleg. Rektor orienterer om resultat frå Skogsvåg.
 - Alle trinn frå 1.-7.trinn har tatt ein forenkla trivselsundersøking. Tilsette, både lærarar og fag.arbeidarar skal jobbe saman om resultat på trinn.
 - Gjennomfører kartlegging av relasjonar på alle trinn.
 - Utbedring av uteområde, skulen skal få ny disse, hinderløype, klatrestativ og kunstgras på grusbana.
 - ➔ *Tilbakemelding frå FAU at det er eit viktig arbeid ein gjer med elevundersøking og kartlegging av trivsel/relasjon. Det er viktig at ein får*

data og nyttar informasjon frå praksis til å jobbe systematisk og godt på alle trinn. Gullhengar og TRYGG med gullmunn forsterkar dette. Elevar snakkar om det heime. Alle elevane treng å ha ein ven, og alle elevane treng å ha vaksne rundt seg med god relasjon. Dette er eit godt arbeid og som er viktig at ein jobbar med.

- **Status i sak vedr. gamlebygget:** innemålingar pågår, rapport sendt i retur til miljørettahelsevern med kopi til FAU. Før neste skuleår skal Skogsvåg skule saman med eigadom, skulesjef og kommuneoverlege sjå på løysingar for organisering på skulen. 5.trinn har tiltak pr.no som gjer at trinn er delt heile skuletida, 6.trinn og 7.trinn er noko samanslått. Innspel frå FAU at det er fleire skulebygg i kommunen som er dårleg stilt og at ein på Skogsvåg skule har eit godt bygg. Viktig at ein tek tak i dette vidare, men ein må vere forbudd på at ein kan få dispensasjon for å drive skule utan helseverngodkjenning. Rektor bekreftar at ho skal jobbe fram og stå på for gode løysingar der målet er at ein sjølv sagt heldt seg innafor krava.
- **Foreldremøte vår, barnevakten:** dialog om å lande dato. FAU ser på periode, ønskjeleg med mars. Det er eit ønskje om at foreldremøte skal vere for alle føresette, og eventuelt kan 5.-7.trinn få besøk i skuletid. FAU gjer tilbakemelding ila. veke 6. Dette vil dei få til. Vårens foreldremøte vert barnevakten, avklaring kjem fortløpande med dato.

SAK 2. Arbeid og tilbakemelding frå arbeidsgrupper:

- **Skjerm, SOME:** det er laga ein plakat med anbefaling frå FAU til føresette på skulen. Redd barna har eit opplegg ein kan nytte i undervisning, gratis. Frå 7.klasse og ned til 4.klasse melder føresette om at elevane har Snapchat. FAU opplever at dette er eit foreldreproblem, det er foreldre som må ta utfordring med skjerm og kontroll over skjerm. Føresette opplever at det er litt annleis for føresette på 1.-3.trinn. FAU skal ta kontakt med Rong og Spildepollen for å høyre om korleis prosess med smarttelefonfri-skule. Ønskjeleg med ein spørjeundersøking ut til alle føresette for å innhente data. FAU lager undersøking og FAU sender anbefaling til rektor. Dette vert delt i Vigilo på vegne av FAU.
- **Busstilbod og trafikktrygleiksplan:** arbeidsgruppa melder om korleis prosess går til FAU. Ingen representantar frå gruppa.
- **Ferie-SFO/tilbod SFO:** ansvarsperson for skriv skal sende utkast til rektor som sender vidare på vegne av FAU til kommunen.

SAK 3. Innmeldt sak, skjermbruk i skule og SFO:

Spørsmål om skjermbruk i skule og SFO: rektor informerar om at det er god balanse i undervisning med bruk av fysiske lærebøker, praktisk undervisning,

uteskule, lek og skjerm. Skjerm skal nyttast når det er eit godt verktøy i undervisning. Skjerm kan nyttast som verktøy i plenumsundervisning og gjer rom for god variasjon i undervisning. Nokre elevar har eigne avtalar i dialog med tilsette og føresette. I SFO er det mykje utetid, lek, grupper på tvers og aktiviteter. I matpause er det eit mål om samtale og høgtlesing.

Føresette sine synspunkt: Innspel fra FAU om at skjermbruk i skuletid er utanom skjermbruk i heimen.

Innspel av frå føresette på kva skjerm vert brukt til. Nokre elevar ser «familieprogram» i skuletid i lunsjen, det er dumt når elevar har sett program som t.d mesterenes mester i skuletid. Føresette ønskjer ikkje skjerm i matpauser. FAU har forståing for at det er mange hensyn og kanskje få vaksne i spisetid, men dei ønskjer at elevane skal få ete utan skjerm.

SAK 4. Innmeldt sak, natravner i Skogsvågen:

Initiativ frå føresett: fleire føresette melder om ein del ungdommar i Skogsvåg som gjer møteplassane utrygg, td. Sund senter, YX og busshaldeplass. Ønskje om å få i gong natteravn. Det er oppretta eiga Facebook-side som heiter natteravn Skogsvåg.

Skule har oppdaga noko hærverk etter helg, td. bruk av eld. Rektor sendte melding heim til alle føresette om dette og ber føresette følgje med. Fleire føresette har tatt kontakt. FAU kjem med kommentar på at det er veldig mykje negativ aktivitet på HALD-bana med fyrverkeri, narkotika og ungdommar som sloss. Alle ber føresette følgje med. Natteravn er eit fantastisk initiativ.

Vedlagt brosjyre. Kjem meir informasjon.

SAK 5. 17.mai:

- 2.klasse, 4.klasse og 6.klasse har ansvar.
- Diskusjon rundt gevinst og arbeidsgrupper.
- Vanskeleg å få føresette med på dagen. Ein må stille opp viss ein skal ha 17.mai. Fleire føresette må melde seg.
- Målet er å inkludere alle.
- Bærekraftig 17.mai.
- FAU står for rammene, dette vert presentert i første møte.
- FAU lager invitasjon til 2.-4.-6.trinn, sender til rektor som sender ut via Vigilo. FAU er med på første møte. Møte 12.02 kl.19.00-20.00 på personalrom.
- Programkomite, mat, lek, pynt, mannskap.
- Alle trinn må bake frå 2.-4.-6.trinn, kjem bakelister.

SAK 6. Frå kommunalt FAU:

- Registrering av FAU pågår, arbeid med vedtekter og oppgåver. Oppstart for fult til hausten.
- To møter er avholdt pr.no. Skulesjef deltok og er positiv til initiativ.
- Sak til møte i haust: barnevakten til alle skulane, arbeid med skjermbruk og SOME.
- Tetyane er valt som nestleiar. Sender referat til FAU.

Eventuelt:

- **FAU ønskjer å bidra med brukt utstyr til skule. Til dømes: leiker til sandkassen, spel, leiker til SFO og klasserom. Klassekontaktane skriv i Facebook grupper om behovet. Rektor sender bestilling til Kristine, FAU deler på Facebook.**
- **Neste møte: 09.04 kl 17:00 - 18:30 + SU**